

Konsensus om lekser på Grasdalen skule

(Konsensus betyr generell enighet blant medlemmer av en bestemt gruppe, eller sammenslutning der hver medlem bidrar i et visst monn ved beslutnings – og oppfølgingsprosesser, av teori og praksis)

Rektor samanfattar følgjande:

Lekser er viktig for læring, og difor skal vi gi lekser til elevane på skulen vår.

Det er avgjerande kva for type lekser lærarane gir.

Vi skal gi lekser knytt til grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning og digitale ferdigheiter.

Leksene skal vera tilpassa den enkelte elev, og det vil difor vera ulike mengde og type lekse elevane får.

Lekser skal vera knytt til 4 generelle prinsipp om læring:

- Intensitet: du må øve mykje og ofte.
- Progresjon: starte på riktig nivå, det vil sei utfordringar i forhold til ferdigheiter.
- Positiv feedback: ros når man lukkast.
- Sjølvmonitorering: oppgåvene bør vera lagt opp slik at barnet sjølv ser når det meistrar.

Lærar skal samarbeide med foreldre om lekser, og ha ein dialog om forventning til tid og innsats for leksearbeid.

Lærar skal gi elevane tilbakemelding på leksene.

Leksene skal ikkje underminere elevane sin motivasjon for læring.

Både foreldre og lærarar må hjelpe til endring dersom feil bruk av lekser fører til stress, utmatting og negativ haldning til skulearbeid.

Skulen skal arbeide for at tilbod om leksehjelp er med på å utjamne sosiale ulikheitar og gi barn som har behov for ekstra hjelp den støtte og oppfølging dei treng.

Lovgrunnlag: Tolkningsuttale av Opplæringslova frå Utdanningsdirektoratet 12.12.2014 :

« Det er skolen selv som avgjør om den vil pålegge elevene lekser, og et flertall av skolene har valgt dette. Skolen kan imidlertid velge å organisere opplæringen uten å gi elevene hjemmearbeid. Det sentrale er at skolen legger opp opplæringen slik at den er egnet til at eleven kan nå kompetansemålene. Plikt til å delta aktivt i opplæringen Elevene har en plikt til å delta aktivt i opplæringen, jf. opplæringsloven §§ 2-3 fjerde ledd og 3-4 annet ledd. Bruken av lekser må kobles til opplæringen og gjennomføringen av denne, og kan således ha en viktig funksjon i elevens læringsarbeid. Målene for elevenes opplæring er angitt i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Her er det formulert kompetansemål, og elevens kompetanse blir vurdert ut fra graden av måloppnåelse. Lekser kan også ha en viktig funksjon i samarbeidet mellom skole og hjem. Dette vil gi foreldrene en mulighet til å ta del i elevens opplæring. Foreldre har ansvar for at barna gjør lekser, men skolen kan ikke forutsette at det gis faglig hjelp hjemme.»